

---

**Fra:** Inge Vikane <inge.vikane@ikah.no>  
**Sendt:** onsdag 17. januar 2018 14.20  
**Til:** Irene Rydland Haukeland  
**Emne:** Angående fullmaktliste og KS Svarut  
**Vedlegg:** Fullmakt januar 2018.xlsx

Hei igjen!

Her er ein oppdatering frå IKAH med meir:

IKA Hordaland IKS arbeider med å gje våre eigarkommunar best og raskast mogeleg innsyn gjennom ein sikker digital kanal, og vi tek no i bruk KS Svarut som løysinga på dette.

Det kjem frå før mange innsynskrav frå kommunar til oss gjennom Svarut.

Det som er å bemerke der er at de må vere varsame med kva som står i tittelfeltet på sendinga, for dette kjem opp i varselet om mottatt dokument, og difor synleg på eventuell epost og sms. Så her må det kun oppførast at det er eit innsynskrav, ingen sensitiv informasjon. Hugs òg at mottatte dokumentet i Svarut må verta sletta i tråd med bestemmelsane i personvernforordninga når formålet med dokumentasjonen er fullført. Dersom dokumentasjonen inngår i ny sakshandsaming etter for eksempel barnevernlova må den anten leggest ved saka og eller referast til i saksbehandlinga før den vert sletta. Dette er lurt å få inn i retningslinjer for innsynskrav i arkivplanen dykkar.

Det er ellers på høg tid å oppdatere fullmaktlistene for kven som skal kunne hente ut personarkiv frå IKAH, så ver gilde å sjå på vedlagt liste om den stemmer for din kommune og gje meg ein tilbakemelding etterpå. Det er ein fordel at fleire enn arkivleiar kan hente ut arkiv, i dei få tilfellene arkivleiar ikkje er tilstades.

Ta gjerne kontakt om det er noko du lurar på.

Med venleg helsing

**Inge Vikane**

Arkivfagarbeider | 55306091

[inge.vikane@ikah.no](mailto:inge.vikane@ikah.no) | [www.ikah.no](http://www.ikah.no)

Følg oss på:

